

STUDENT

PARLAMENTET

VED HØGSKULEN I VOLDA

INNKALLING TIL STUDENTTINGSMØTE

5/18-19

Tysdag 29. januar 2019

Møterom Kaarstad 202

Matsservering kl 16.30

Møtestart kl 17.00

Studentparlamentmøter 18-19

Sakspapir nr 5/18-19

Møtedato 29.01.19



Studentparlamentmøte 29.01.19

Sak 00 – 18/19:	Opprop og val av møteleing.....	3
Sak 38 – 18/19:	Godkjenning av innkalling og dagsorden.....	3
Sak 39 – 18/19:	Godkjenning av referat.....	4
Sak 40 – 18/19:	Orienteringar.....	4
Sak 41 – 18/19:	Frokostmøter på HVO.....	5
Sak 42 – 18/19:	Val av representantar på NSO landsmøte	5
Sak 43 – 18/19:	Revidering av vedtektene til Studentparlamentet	6
Sak 44 – 18/19:	Svar på innspel til investeringsbudsjettet ved HVO 2019	7
Sak 45 – 18/19:	Årsmelding 2018	7
Sak 46– 18/19:	Godkjenning av rekneskaper for Studentparlamentet 2018.....	7
Sak 47 – 18/19:	Budsjett 2019	9
Sak 48 – 18/19:	Oppussing av fellesområdet for lag og organisasjonar	11
Sak 49 – 18/19:	Eventuelt	11
Oversikt over vedlegg.....		12

Studentparlamentmøter 18-19

Sakspapir nr 5/18-19

Møtedato 29.01.19



Sak 00 – 18/19: Opprop og val av møteleiing

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Simen Jester Langeland

Namneopprop

Studentparlamentet får oversikt over deltakarar på møtet og fastslår om Studentparlamentet er vedtaksdyktig.

Val av møteleiing

Forslag til vedtak: Oda Næs Skoglund vert vald til ordstyrar. Allan Levi Melby og Trym Rimmen blir valde til teljekorps.

Sak 38 – 18/19: Godkjenning av innkalling og dagsorden

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Ordstyrar

Godkjenning av møteinnkalling og saksliste

Eventuelle innvendingar eller endringar av sakslista, samt eventuelt-saker vert meldt inn her.

Forslag til vedtak: Studentparlamentet godkjenner møteinnkalling og saksliste, med fylgjande forslag til dagsorden:

Dagsorden for studenttingmøte 29.01.19		
Sak 00 – Opprop og val av møteleiing	Vedtaks sak	Simen Langeland
Sak 38 – Godkjenning av innkalling og dagsorden	Vedtaks sak	Ordstyrar
Sak 39 – Godkjenning av referat	Vedtaks sak	Ordstyrar
Sak 40 – Orienteringar	Orienteringssak	Simen Langeland
Sak 41 – Frokostmøter på HVO	Diskusjonssak	Chalak Kaveh
Sak 42 – Val av representantar til NSO landsmøte	Vedtekts sak	Trym Rimmen
Sak 43 – Revidering av vedtektene til Studentparlamentet	Vedtekts sak	Jeanette Reisig
Sak 44 - Svar på innspel til investeringsbudsjettet ved HVO 2019	Orienteringssak	Erlend Rossen
<i>Pause</i>		
Sak 45 – Årsmelding for 2018	Vedtaks sak	Simen Langeland

Studentparlamentmøter 18-19

Sakspapir nr 5/18-19

Møtedato 29.01.19



Sak 46 – Godkjenning av rekneskapen for Studentparlamentet 2018	Vedtaks sak	Simen Langeland
Sak 47 – Budsjett 2019	Vedtaks sak	Simen Langeland
Sak 48 – Oppussing av fellesområde lag og organisasjoner	Diskusjonssak	Simen Langeland
Sak 49 – Eventuelt		Tina Wilke
Møtekritikk		
Møteslutt		

Sak 39 – 18/19: Godkjenning av referat

Type sak: Vedtaks sak

Sakshandsamar: Ordstyrar

Vedlegg nr 1 sendt ut på e-post 22.01.19 Referat frå studentparlamentmøte 04.12.2018

Forslag til vedtak:

Studentparlamentet godkjenner referatet frå sist møte, 04. desember 2018.

Sak 40 – 18/19: Orienteringar

Type sak: Orienteringssak

Sakshandsamar: Simen Jester Langeland

Arbeidsutvalet v/ leiar Simen vil orientere om::

- Tur med Studentrådet Vestlandet
- Faddervekestyret 2019

Arbeidsutvalet v/internasjonalt ansvarleg Tina vil orientere om:

- Språk-klubben «language and sandwich»
- International day 06.02.19
- Student Peace Prize 09.02.19

Arbeidsutvalet v/fag og forskingansvarleg Jeanette Reisig

- Tillitsvald-manual

- - - -

Studentparlamentmøter 18-19

Sakspapir nr 5/18-19

Møtedato 29.01.19



Sak 41 – 18/19: Frokostmøter på HVO

Type sak: Diskusjonssak

Sakshandsamar: Chalak Kaveh

Chalak vil presentere ein ide om «frokostmøter» på HVO, for studentar og tilsette. Han ønskjer tilbakemelding frå Studentparlamentet.

Sak 42 – 18/19: Val av representantar på NSO landsmøte

Type sak: Vedtakssak

Sakshandsamar: Erlend Ausland Rossen

Studentparlamentet i Volda skal velje utsendingar til Landsmøtet i NSO. Det skal veljast tre delegatar og tre varaer, samt ein observatør.

Landsmøtet (LM) er Norsk studentorganisasjon (NSO) sitt øvste organ og finn stad i Tønsberg 04.-07. april. Her tek ein dei viktigaste beslutningane i organisasjonen. Landsmøtet vert arrangert éin gong i året og er sett saman av representantar får alle medlemslaga i NSO. Landsmøtet kan ha opp mot 300 deltakarar.

Møtet har ein fast struktur, og krev at alle deltakarane er godt førebudde. Alle delegatar som ikkje har vore på Landsmøtet tidlegare, deltek difor på formøte 16.-17. mars i Oslo. NSO dekkjer reise og opphald til både Landsmøtet og formøtet for delegatar.

All info om landsmøtet er samla på denne sida: <https://www.student.no/lm9/>

På LM skal vi blant anna gjennomføre:

- Val av arbeidsutval nasjonalt, ulike politiske komitear og sentralstyre
- Behandle resolusjonar og uttalar
- Behandle politiske plattformer
- Revidere vedtekter
- Økonomi, rekneskap og budsjett
- Handlingsplan 2019/2020
- Generaldebatt (open diskusjon om alle tema)

LM er eit arrangement som er krevjande både fysisk og psykisk. Det blir lange dagar på delegasjonsbenken, og kunnskapen til kvart einskilt medlemslag vert verkeleg sett på prøve. For at vi skal vere budde på best mogleg vis, vil AU vere tilgjengelege for å hjelpe til med gjennomgang av

Studentparlamentmøter 18-19

Sakspapir nr 5/18-19

Møtedato 29.01.19



sakspapir til debattrening på talarstol. Vi vil minne om at dette krev ein del tid frå kvar enkelt, samt motivasjon til å vere til stades.

Forslag til vedtak: Studentparlamentet vel tre delegatar og tre varaer, samt ein observatør til landsmøtet i Norsk Studentorganisasjon. Valet vert gjennomført ved urneval.

Sak 43 – 18/19: Revidering av vedtektene til Studentparlamentet

Type sak: Vedtakssak

Sakshandsamar: Jeanette Reisig

Årshjulet legg opp til at vedtektene til Studentparlamentet skal opnast for revidering kvart år i januar. Det blei førre studieår gjort ein omfattande gjennomgang av vedtektene, blant anna gjennom ei eiga arbeidsgruppe. I år har difor arbeidet ikkje vore like omfattande. AU har gått gjennom vedtektene og kome med nokre endringsforslag. Det har vore oppfordra til at representantane i Studentparlamentet skal kome med sine endringsforslag.

Vedlegg 2 sendt ut på e-post 22.01.19: AU sine endringsforslag

Vedlegg 3 sendt ut på e-post 22.01.19 Gjeldande vedtekter for Studentparlamentet i Volda

Forslag til vedtak:

- 1.) Studentparlamentet vedtek å opne vedtektene for Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda for endringar.
- 2.) Studentparlamentet vedtek å leggje AU sine endringsforslag til grunn for diskusjon og debatt om endringar i vedtektene.

(Debatt og handsaming av enkeltvedtak knytt til innkomne endringsforslag til vedtektene)

- 3.) Studentparlamentet vedtek å lukke vedtektene for Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda, med dei endringane som no er gjort.

Studentparlamentmøter 18-19

Sakspapir nr 5/18-19

Møtedato 29.01.19



Sak 44 – 18/19: Svar på Studentparlamentet sine innspel til investeringsbudsjett 2019

Type sak: Orientering
Sakshandsamar: Erlend Ausland Rossen

Studentparlamentet leverte inn innspel til HVO sitt investeringsbudsjett for 2019 i haustsemesteret. Erlend vil orientere om svara.

Vedlegg 4 sendt ut på e-post 22.01.19: «Svar på søknad om investeringsmidlar 2019»

Sak 45 – 18/19: Årsmelding 2018

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Simen Jester Langeland

AU skriv kvart år ei årsmelding med ei oppsummering av arbeidet gjennom året.

Vedlegg 5 sendt ut på e-post 22.01.19: Årsmelding for Studentparlamentet 2018

Forslag til vedtak: Studentparlamentet tek årsmeldinga og rekneskapet for 2018 til vitende.

Sak 46 – 18/19: Godkjenning av rekneskapen for Studentparlamentet 2018

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Simen Jester Langeland

Forslag til vedtak:

Studentparlamentet tek rekneskapen for Studentparlamentet 2018 til vitende.

Studentparlamentmøter 18-19

Sakspapir nr 5/18-19

Møtedato 29.01.19



Rekneskap		Studentparlamentet 2018						
Inntekter		Utgifter						
	Budsjett		Budsjett	Revidert budsjett	Utgifter	Til gode		
Støtte frå HVO	kr 125 000	Drift av Studentparlamentet						
Støtte frå SiVolda	kr 100 000	Seminar, kurs o.l.	35000	kr 30 000	kr 19 477	kr 10 523		
Inntekter frå standleige	kr -	Møtegjennomføring	25000	kr 25 000	kr 17 570	kr 7 430		
Totalt	kr 225 000	Informasjon/profilering	30000	kr 40 000	kr 38 842	kr 1 158		
		Sosialt	25000	kr 20 000	kr 13 418	kr 6 582		
		Drift/kontor	5000	kr 5 000	kr 2 640	kr 2 360		
		Anna	5000	kr 5 000	kr 5 000	kr -		
		Sum	125000	kr 125 000	kr 96 947	kr 28 053		
		Støtte til studentaktivitetar						
		Fadderveka	kr 5 000		kr 5 000	kr -		
		Pris for internasjonalisering	kr 5 000		kr 5 000	kr -		
		Studentorganisasjonar	kr 90 000		kr 90 000	kr -		
		Sum	kr 100 000		kr 100 000	kr -		
		Resultat	kr 225 000		kr 196 947	kr 28 053		
		Driftsresultat						
		Inntekter				kr 225 000		
		Utgifter				kr 196 947		
		Resultat				kr 28 053		

Studentparlamentmøter 18-19

Sakspapir nr 5/18-19

Møtedato 29.01.19

Sak 47 – 18/19: Budsjett 2019

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Simen Jester Langeland

Basert på fjorårets rekneskap, har AU utarbeidd eit forslag til budsjett for 2019. Totalbudsjettet er like som førre år, med små justeringar på postane. Vi har i år auka «drift/kontor»-posten fordi vi reknar med å bruke pengar på oppussing av fellesområder og kostnader i forbindelse med eventuell riving av vegg på kontoret til Studentparlamentet (ikkje bestemt enno). Vi har minka postane «seminar, kurs» og «møtegjennomføring» då det var på desse postane det sto igjen mest ubrukte midlar. Budsjettet må sjåast i samanheng med Studentparlamentet sine overordna målsetjingar i styringsdokument som strategiplan og årleg arbeidsprogram. Det kan også vere interessant å sjå budsjettet opp mot rekneskapet dei siste åra, som er å finne på neste side.

Budsjett 2019

AU si innstilling til Studentparlamentmøtet 29. januar 2019

Forventa inntekter

Støtte frå HVO	kr	125 000
Støtte frå SiVolda	kr	100 000
Standleige	kr	-
Totalt	kr	225 000

Fordeling på budsjettpostane

Drift av STIV		
Seminar, kurs og arrangement	kr	30 000
Møtegjennomføring	kr	20 000
Informasjon/profilering	kr	30 000
Sosialt	kr	25 000
Drift/kontor	kr	15 000
Anna	kr	5 000
Sum	kr	125 000

Støtte til studentaktivitetar

Fadderveka	kr	5 000
Pris, internasjonalisering	kr	5 000
Studentorganisasjonar	kr	90 000
Sum	kr	100 000

Totalt	kr	225 000
---------------	-----------	----------------

Oversikt over budsjett og rekneskap i Studentparlamentet dei siste åra.

	2015		2016		2017		2018		
	Revidert budsjett	Rekneskap	Revidert budsjett	Rekneskap	Revidert budsjett	Rekneskap	Forslag til budsjett	Revidert budsjett	Rekneskap
Drift av Studentparlamentet									
6880: Seminar, kurs og arr.	kr 31 000	kr 30 700	kr 24 000	kr 21 800	kr 39 000	kr 27 500	kr 35 000	kr 30 000	kr 19 477
6268: Møtegjennomføring	kr 19 000	kr 20 500	kr 23 000	kr 23 000	kr 23 000	kr 20 100	kr 25 000	kr 25 000	kr 17 570
7322: Informasjon/profilering	kr 30 000	kr 29 100	kr 35 000	kr 34 000	kr 35 000	kr 23 800	kr 30 000	kr 40 000	kr 38 842
7413: Sosialt	kr 20 000	kr 11 900	kr 20 000	kr 18 000	kr 20 000	kr 14 500	kr 25 000	kr 20 000	kr 13 262
6899: Drift/kontor			kr 3 000	kr 1 500	kr 3 000	kr 2 800	kr 5 000	kr 5 000	kr 2 640
6899: Anna	kr 10 000	kr 9 500	kr 5 000	kr 3 400	kr 5 000	kr 3 400	kr 5 000	kr 5 000	kr 5 000
Sum	kr 110 000	kr 101 700	kr 110 000	kr 101 700	kr 125 000	kr 92 100	kr 125 000	kr 125 000	kr 96 791
Støtte									
Studentorganisasjonar	kr 74 500	kr 74 500	kr 80 000	kr 71 400	kr 90 000	kr 90 300	kr 90 000	kr 90 000	kr 90 000
Pris for internasjonalisering	kr 5 500	kr 4 900	kr 5 000		kr 5 000	kr 5 000	kr 5 000	kr 5 000	kr 5 000
Fadderveka	kr 10 000	kr 10 000	kr 5 000	kr 5 000	kr 5 000	kr 5 000	kr 5 000	kr 5 000	kr 5 000
Sum	kr 90 000	kr 89 400	kr 90 000	kr 76 400	kr 100 000	kr 100 000	kr 100 000	kr 100 000	kr 100 000

Sak 48 – 18/19: Oppussing av fellesområdet for lag og organisasjonar

Type sak: Diskusjonssak
Sakshandsamar: Simen Jester Langeland

Fellesområdet for lag og organisasjonar på idrettsbygget har potensiale til å vere ein god sosial møteplass. Vi ønsker forslag til kva vi kan gjere med dette området for at det skal bli ein hyggeleg stad som blir mykje brukt.

AU ønsker innspel frå Studentparlamentet på dette.

Sak 49 – 18/19: Eventuelt

Type sak: Diskusjon/orienteringssak
Sakshandsamar:

Møtekritikk

Type sak: Unnateke journalføring
Sakshandsamar: Trym Nikolas Rimmen

Etter formell møteslutt tek vi ei runde der Studentparlamentet kan kome med konstruktiv kritikk og tilbakemeldingar til AU når det gjeld korleis møta blir lagt opp, sakspapir, agenda og gjennomføring av møta m.m. Slik blir møta betre, og AU og Studentparlamentet har heile tida dialog om korleis ein ynskjer møta.

Studentparlamentmøter 18-19

Sakspapir nr 5/18-19

Møtedato 29.01.19



Oversikt over vedlegg

Sak 30 – 18/19: Vedlegg 1 – Referat frå studentparlamentmøte 04. desember

Sak 34 – 18/19: Vedlegg 2 – AU sine endringsforslag til vedtektene

Sak 34 – 18/19: Vedlegg 3 – Gjeldande vedtekter for Studentparlamentet i Volda

Sak 35 – 18/19: Vedlegg 4 - Svar på innspel til investeringsbudsjettet ved HVO 2019

Sak 36 – 18/19: Vedlegg 5 - Årsmelding for 2018

Vedlegga ligg ved som separate dokument saman med sakspapira sendt ut 22.01.19